

## Møtereferat

Dato: 17.06.2015

|             |  |  |
|-------------|--|--|
| Emne:       | <b>Referat frå regionalt planforum 16.06.2015: Sund kommune Skogskiftet og Forlandsvåg</b>   |  |
| Til stades: | Mona Rabben<br>Ole-Karsten Midtgård<br>Heidi Handeland<br>Gunhild Raddum<br>Gudrun E. Stefansdottir<br>Eva Katrine Ritland Taule<br>Per Nordmark | Sund kommune<br>Sund kommune<br>Fylkeskonservatoren, HFK<br>Samferdselsavdelinga, HFK<br>KSA, Fylkesmannen<br>Planseksjonen, HFK<br>Planseksjonen, HFK |
| Forfall:    |  | Sak: 2014/13624-71   |
| Møtetid:    | 10.00 – 12.00  | Møtestad: Møterom Sunnhordland   |

**Møteleiar:** Eva Katrine Ritland Taule  
**Referent:** Per Nordmark

### Introduksjon

Mona Rabben orienterte om planarbeidet, supplert av Ole-Karsten Midtgård.

Samfunnsplanen er under utarbeiding – dette ligg til rådmannen sin stab – her ligg og ansvar for trafikksikringsplan og andre planar.

Arealavdelinga ligg og mellombels rett under rådmannen – med ansvar for arealplanar.

Det er god kommunikasjon mellom begge prosessar, og politisk.

---

### Kommunedelplan Skogskiftet

---

Sund kommune har om lag 7000 innbyggjarar. Kommunen har høg vekst: om lag 4 % i 2014, og 1,25% i 1. kvartal 2015, - størst vekst i Hordaland. Kommunen merkar utfordringane av at det er vekst! Gjeldande sentrumsplan for Skogskiftet vart vedtatt 2011. Sentrumsplanen var eit resultat av prosjektet: Landskapsplan.

Tradisjonelt budde folk rundt i distriktet med Klokkarvik som sentrum. Klokkarvik er no i «bakevja».

Skogsvågskiftet – eit vegkryss er blitt eit sentrum. Kommunehuset var før i Steinsland, men vart flytta til Skogsvågskiftet på slutten av 80-talet. Det var då ein stor lokaliseringsdebatt i kommunen. Skogsvågskiftet har ikkje vore så attraktivt som senterområde, og det er utfordrande å finna gode kvalitetar då det ikkje er eit samanhengande sentrum.

Etter planvedtaket i 2011 vart det raskt politisk motstand mot å realisera planen då næringslivet ikkje hadde interesse i å flytta frå noverande areal, - det vart protestar etter vedtak av planen.

Idrettsanlegga i sentrum er mykje brukt. Det er planar om ein universelt tilrettelagt tursti rundt vatnet.

Skogskiftet har eit butikksenter med avgrensa tilbod. Det er særst låg handelsdekning – stor handelslekkasje i kommunen. No er det planar om etablering av ein restaurant i Skogskiftet – positivt!

Det er vedteke kommunedelplan for ny trase for Fv 555, med tunnel forbi Skogskiftet. Reguleringsplanarbeidet startar no, Asplan Viak har dette oppdraget.

Kommunegrensa mot Fjell kommune er utfordrande. Sund har hatt dialog med Fjell om at areal i Fjell kan inngå i planområdet for Skogskiftet.

Rulleringa av kommunedelplanen frå 2011 er eit resultat av at ein har ein del problem med gjennomføringa av gjeldande plan. Gjeldande plan sette krav om at det ikkje skal byggjast høgare enn til kote 70. Dette er utfordrande. Planen har byggjeforbod i etablert bustadområdet, dette er firkanta og uheldig. Det er planlagt 400 nye bustader i byggjeområdet nord for sentrum. Støy frå motorkrossbana gjera at dette ikkje fullt ut lar seg realisera.

Sund kommune ønskte å koma i regionalt planforum for å få betre grunnlag for å utforma anbudsdokument for utarbeiding av kommunedelplanen. Konkret ønskjer kommunen m.a. innspel Om:

- 
- Bør planområdet inkludera areal i Fjell kommune?
  - Næring versus sentrumsføremål.
  - Må planprogram på ny høyring om ein utvidar plangrensa inn i Fjell?
  - Korleis løysa trafikale utfordringar i sentrum (Sund vil gå vekk frå tunnel forbi Skogskiftet - forventar at det ikkje er realistisk å få det realisert).
- 

### **Innspel til planarbeidet**

- Innfartsparkering – kommunen må tenkja godt gjennom dette. Sykkelparkering i sentrum må vurderast. Kommunen har hatt fokus på gang- og sykkelvegnett, men mykje står att. Vidare utvikling av gang- og sykkelvegnettet må vurderast.
- Planforum støttar at ein inkluderer areal i Fjell for å få ei heilheitleg planlegging. Det vert då to planmynde i saka og Fjell kommune må gjera vedtak om oppstart og planavgrensing. Ny planavgrensing må kunngjerast – dvs planen må kunngjerast på nytt. (Om plangrensa vert endra: Vurder plangrensa mot Kvalvågen grunna kulturminneverdiar. Ta kontakt om det er spørsmål).
- Når ein legg ut på nytt må ein ta med nye Nasjonale forventingar som kom 12. juni. Her er fokus særleg på fortetting og transportløysingar i tettstadsområde. Frå KMD er det og no gitt ut ny Strategi for boligmarkedet. Her er m.a. nye føringar for bustadløysingar for dei som har vanskeleg for å koma seg inn på bustadmarknaden. Dette må og takast med i planarbeidet. Bruk Husbanken. Bruk tettstadkoordinator i HFK.

Midstegen Næringsområdet: Dette er planlagt til sentrumsføremål. Men her ligg ein reguleringsplan som definerer «Lett næring». Det ligg diverse bedrifter her, men ikkje industri i dag. Politisk ønskjer ein at desse verksemdene framleis skal liggja her.

- I ny plan er det aktuelt/vert tilrådd å ha tydelege føresegner som styrer og set rammer for ny verksemd eller utviding/ending av eksisterande for Midstegen næringsområde. Føresegner kan medverka til at det skjer ei gradvis utvikling i ønska retning.
- I kommunedelplanen må kommunen definera sentrumsområde (Senterplanen retningsliner, særleg 2.3 sentrum og 4.3 handel).
- HFK kan om ønskjeleg informera i kommunen om sentrumsplanen og grunnlaget for planen sine mål og retningsliner.
- Kommunen må tenkja meir urbanisering, t.d. meir gatestruktur.
- Kulturminne: Kvalvågen er nasjonalt viktig kulturminneområde. HFK vil sjå nærare på planavgrensinga.
- Det er ei gjeldande omsynssone for heile Kvalvågen og eit landområdet rundt. Det vart gjort ei kort registrering i samband med kommunedelplanen. Vær obs på verneverdi - ein del bygg er SEFRAK-registrert.
- Skaganeset er ein separat reguleringsplan. Riksantikvaren går inn i denne planen - kommunen må følgja med i denne saka, om den får verknad for kommunedelplanen.

### Områdereguleringsplan for Forlandsvågen

Det kom veldig mange innspel til plan i dette området.

Ei populær badevik ligg i sør. Den er i bruk i dag. Det var og tidlegare fint å bada i vika lengst nord, men denne er no forureina – privat utslepp.

Rundt Forlandsvågen er det mange naust av eldre dato, tilhøyrande lokalbefolkninga. Rundt vågen er det bustader. Det ligg eit båtbyggeri på austsida av vågen. Galeasen «Loyal» har heimehamn her. Forlandsvågen er mykje brukt og det er kamp om plass til båtar her. Det kom motsegn til tidlegare plan med molo mellom holmane. Planprosessen stoppa då opp. Det er planer om å bygga eit «galeassenter» knytt til galeasen som ligg her. Dette tiltaket ligg inne i kommuneplanen.

### Planforslaget

Det er planlagt molo mellom holmane og småbåtanlegg på største holmen. På den største holmen er ei rekkje nausttomter, men berre eit eldre naust. På moloen er det planlagt køyrbar gangveg. Kommunen seier nei til naust på holmane.

Ein vil detaljera i bustadområdet, - for eksisterande og nye bustader.

Det skal byggjast fortau langs samlevegen opp til krysset med hovudvegen, der det er fortau i dag. Planavgrensinga er lagt i grensa for omsynssone mot vest – det gir lite areal til parkering.

### Innspel til planen:

- Det er viktig å sikra kvalitet i plan og tiltak gjennom føresegnene. Ver nøye med føresegnene.
- Tilkomst til sjø for ålmenta: Dette må vektleggjast. Det er ein kommunal kai midt i naustområdet mot vest som bør vidareførast.
- Planen legg til rette for nye flytebyggjer i stort omfang. I planomtalen må det presenterast detaljert oversyn over tal båtplassar, type båtar som skal lokalisast, lagerbehov for utstyr m.m., lokalisering av sjøsetjingsrampar og evt. kranar, naudsynt parkeringsareal m.m. Ver realistisk og tenk heilheit.
- Vurder føresegner for fortøying i vågen, - avgrensa bruk av ile for å sikra ferdselsareal?

- Kulturminne: Naustmiljøet har kulturhistoriske kvalitetar. Det er rom for utvikling, men tiltak må tilpassast.
- Det var motsegn til bygging av naust på holmane med molo og bilveg ut. Desse vurderingane gjeld framleis. Ved bygging av molo er ein negativ til køyrbar gangveg – dette vert omfattande. Det vert tilrådd gangbar gangveg.
- Kan ein vurdere molo lenger sør, utanfor holmane?
- Foreslått fylling med parkering kan vera i konflikt med kulturminneverdiar. HFK tar atterhald om dette.
- Det ligg alt føre registreringsvarsel både frå HFK og Sjøfartsmuseet.
- Det må utarbeidast ROS-analyse (Kommunen: Dette vert del av vidare arbeidet).
- Området definert som næring/tenesteyting er bratt og stort. Området er tenkt til galeas-senter, men dette går ikkje fram av planen. Det bør vera føresegner for kva som kan etablerast her.
- Området for næringsbebyggelse (no båtbyggeri) er stort, Det gjev rom for diverse etablering. Kommunen må vera bevisst på at her kan skje endringar. Føresegner kan nyttast for å setja rammer for bruken av området.
- Den store holmen. Planen må seia tydleg kven som har ansvar for tiltak her (holmen er LNF, men er vurdert av kommunen som friluftsområde. BOF har vore inne i diskusjonen).
- Gode eksempel: Norheimsund er eit godt eksempel. Rosendal har og fin hamn godt tilrettelagt.
- Send gjerne forslag og føresegner til FM og HFK for kommentarar før utlegging av plan.